



Masfjorden kommune

Austfjordvegen 2724

5981 MASFJORDNES

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/3727 - 16/34699

Saksbehandlar:

Nora Gjerde

nora.gjerde@lindas.kommune.no

Dato:

19.12.2016

Forslag til planprogram, arealdel av kommuneplanen, Masfjorden kommune

Vedlagt følgjer vedtak i Plan- og miljøutvalet – 14. desember 2016.

Med helsing

Nora Gjerde

administrasjonssekretær

Dokumentet er signert elektronisk.

Andre mottakarar:

Masfjorden kommune

Post

postmotak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914
Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
155/16	Plan- og miljøutvalet	PS	14.12.2016

Saksbehandlar	ArkivsakID
Frøydis Ones	16/3727

Forslag til planprogram, arealdel av kommuneplanen, Masfjorden kommune

Vedlegg :

Førebels svar på melding – revisjon av arealdelen til kommuneplanen i Masfjorden kommune. Varsel om oppstart av offentleg planarbeid – revisjon av arealdelen til kommuneplanen i Masfjorden kommune. Planprogram_Utkast_Masfj_160909_b.pdf

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Plan- og miljøutvalet har vurdert forslag til planprogram for arealdelen av kommuneplanen 2016-2028. Lindås kommune ynskjer dialog med Masfjorden kommune i prosessen knytt til arealbruk i sjø.

.....

Som rådmannen + særleg med tanke på utarbeiding av felles aquakulturplan for indre delar av Fensfjorden i samarbeid med fylkesmannen.

Plan- og miljøutvalet - 155/16

PM - behandling:

Rådmannen sitt framlegg med tillegg vart samråystes vedteke.

PM - vedtak:

Plan- og miljøutvalet har vurdert forslag til planprogram for arealdelen av kommuneplanen 2016-2028. Lindås kommune ynskjer dialog med Masfjorden kommune i prosessen knytt til arealbruk i sjø, særleg med tanke på utarbeiding av felles aquakulturplan for indre delar av Fensfjorden i samarbeid med fylkesmannen.

Saksopplysningar: **Politisk handsaming**

Saka skal avgjeraast i Plan- og miljøutvalet.

Bakgrunn

Masfjorden kommune varsla i brev av 18. oktober 2016 oppstart av arbeid med rullering av arealdel av kommuneplanen. I følgje den vedtekne planstrategien skal dette arbeidet starta opp i 2016. Rettleiar T-1491 vert nytta som hovudreferanse for utarbeiding av planen, og disponeringar skal ta utgangspunkt i samfunnsdelen til kommuneplanen og vedteken planstrategi av 9. februar 2016.

Forskrift om konsekvensutgreiing og rettleiar for konsekvensutgreiing (T-1493-2009) vert lagt til grunn for arbeidet.

Forslag til planprogram viser i kapittel 1.3 til overordna rammer og premiss for arbeidet, knytt til lover og forskrifter, stortingsmeldingar, rikspolitiske retningsliner og andre stortingspolitiske føringer, regionale føringer, og kommunale føringer og premiss i planarbeidet.

Gjeldande arealdel vart vedteken sist 31. mai 2012. Rulleringa av kommuneplanen handlar prinsipielt om eit overordna mål, å auke folketalet i Masfjorden. Difor vert det sett eit fokus på temaet bustad, arbeidsplassar, kommunikasjon og kommuneorganisasjonene sin service overfor innbyggjarane.

Samfunnsdelen til kommuneplanen vart sist sist revidert 31. mai 2012. Hovudtema og strategiar for ny arealdel tek utgangspunkt i samfunnsdelen sine aksjonar.

Utviklingstrekka i Masfjorden kommune, jf kapittel 2 i planprogrammet, viser til følgjande utviklingstrekk og utfordringar:

- Lågt folketal med fråflytting over tid, men med stabilisering og svak vekst i folketalet frå 2007
- Det har vore vanskeleg å få til næringsutvikling i kommunen

I forslaget til planprogram vert følgjande arbeidstema vurdert som ein del av arbeidet knytt til temaet tilgang på arbeid(kapittel 2.2):

- Avklaring av næringsaktivitet på sjø
- Skitrekket i Stordalen og nærliggande aktivitetar
- Veg- og ferje samband
- Tilgang på eigna nærliggjande kontorlokale
- Næringsutviklinga i kommunen, eventuelt ein analyse

Utfordringar i samband med utvikling av attraktive bygder og lokalmiljø i kapittel 2.3:

- Tilgang på bustader, tomter og infrastruktur, Aktuelle utfordringar
- Aktsemdsområde
- Jordvern
- Strandsone
- Lova sitt markerte skilje mellom byggeareal og anna areal
- Plankrav
- Byggekostnad og marknadspris
- Lite tilbod av brukte bustader
- Høg pris på særleg attraktive eigedomar stenger ute eigne innbyggjarar og potensielle tilflyttarar
- Infrastruktur

- Tilgang til viktige tenester, der det vert poengtert at ei viktig utfordring er å oppretthalde tenestetilbodet

- Trivsel – gode nærmiljø, relevante problemstillingar i arbeidet:

Det vert i kapittel 3 vist til at utfordringane i dette planarbeidet er mykje dei same som då kommuneplanen vart vedteke i 2012, men at det er to forhold som må vektleggjast i planarbeidet framover:

- Felles kultur; etablere fyrtaårn som skapar ein positiv felles identitet
- Sosial tryggleik; handlar om å kjenne seg inkludert og respektert

Oppsummert vert aktuelle tiltak presentert i kapittel 3:

1. Tryggja eit godt tenestetilbod
2. Bidra aktivt til bygdeutvikling og gode bummiljø
 - a. Kvalitativ planlegging med m.a. større fokus på sosial kontakt og fysisk aktivitet
 - b. Forenkle tilgangen til bustadomter i attraktive nærmiljø
 - c. Marknadsføring av Masfjorden (gjerne positive reportasjar i aviser og Radio/tv)
3. Fokusera betydeleg på næringsutvikling framover
4. Betre kommunikasjonen. Særleg veg og breiband er sentralt

Poenget med å fokusere på totaliteten i forslag til planprogram er å gje ein oversikt over sentrale utfordringar, og på det faktum at alt heng i hop. Sentrale utfordringar er knytt til folketal, folkehelse og næringsutvikling. Det er vesentleg viktig å sikre og verdsetje dei godene kommunen allereie har.

Utfordringar	Tiltak	Mogeleg å endre i planrevisjonen?
1. Mogelege endringar i det kommunale tenestetilbodet	Budsjett	Nei
2. Svak næringsutvikling	a. Utgreiing/Analyse/Strategiske tiltak (Viktig). b. Tilpasse næringsareal i planen ut frå tilgjengeleg informasjon. Særleg fokus på havbruksnæringa.	Evt. parallelt Ja
3. Tilgang på bustader og tomter	a. Revurdere plankravet til mindre felt. Krav til utbyggingsrekkefølgje bør evt. nyttast som alternativ. b. Mindre utvidinger av attraktive felt. c. Vurdere nye mindre felt nær bygdesentra. d. Vurdere fleire område for LNF-spreidd utbygging utafor bygdesentra med gode føringer. e. Tilbodet av brukte bustader (Vurdere buplikt). f. Byggekostnader. g. Marknadspolis. h. Infrastruktur (veg og breiband). i. Detaljplanlegging i kommunal regi	Ja Ja Ja Ja Nei Nei I liten grad I noko grad Nei
4. Trivsel – Gode nærmiljø	a. Konkrete og direkte tiltak b. Gjennomtenkte føringer med fokus på sosial kontakt og fysisk aktivitet - i dialog med lokale interesser - definert i planløysing	Nei Ja
5. Kommunikasjon	a. Utbygging b. Planlegging – prioritere, krav til detaljplan	Nei Ja

Vurdering

Lindås kommune har fått planprogrammet tilsendt som nabokommune til Masfjorden. Eventuelle merknader eller tilbakemeldingar til forslaget bør vurderast med bakgrunn i dette.

Planprogrammet byggjer på utfordringar som Masfjorden kommune har identifisert i det førebuande arbeidet med arealdelen av kommuneplanen. Nokon av desse er knytt til arealutviklinga enten gjennom endringar i arealkartet, eller som endringar i føresegna til kommuneplanen. Andre er knytt til anna planarbeid og prosessar i kommunen.

Masfjorden og Lindås kommune har felles interesse bassengområdet knytt til Fensfjorden. Det kan difor vere av interesse å ha ein tett dialog om utvikling av næring, særleg knytt til sjøareala sidan kommunane har grense til det same fjordsystemet.

.....